

BOKN BYGDABLAD


NR 5 - JUNI 1994 - ÅRG. 9

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

REGULERINGSPLAN FOR ØYREN

Gir plass for 25 bustader

I disse dagar behandlar bygningsrådet i Bokn forslag til reguleringsplan for Øyrenområdet på Austre Bokn. Planen omfattar eit område som er avsett til bustadføremål i kommunedelplanen for Alvestad - Are.




I tillegg til 25 bustader er det i reguleringsplanen lagd inn område for campingplass og nausthytter. Desse reguleringsføremåla er tatt inn etter ynskje frå grunneigarane. I tillegg er det forslag om å bevara eksisterande gardstun.

Elles er planområdet utvida med eit areal på nordsida av riksvegen med småbåthamn og nausthytter.


NY NÆRING I GAMALT SJØHUS

Bokn Bygningsråd behandlar i desse dagar ei sak om bruksendring og ombygging av Steinar Alvestad sitt sjøhus i Alvestadkroken til fritidsleiligheter. Planen er å innreia 5 fritidsleiligheter i 2. og 3. etasje med plass til 22 sengeplasser.


Steinar Alvestad seier til bygdabladet at han reknar med å kunna ha leilighetene ferdige før sommaren 1995. Han ynskjer å leiga leilighetene ut til feriegjester som då vil ha gode muligheter til fiske og andre aktiviteter. Steinar Alvestad byggjer nå om 1. etasje i sjøhuset til å kunna ta imot eit halvt hundre gjester. Det kan t.d. vera slutta selskap frå bedrifter eller private som kan ha festligheter i eit gjennomført maritimt sjøhusmiljø. I løpet av sommaren vil toalett, kjølerom, kjøkken og sjølve festlokalet stå ferdig. Det har alt vore mange forespørslar om å bruka lokalet. Ombygginga er gjort i samarbeid med Fylkeskultursjefen for at det skal vera i samsvar med intensjonane for den planlagde bevaringsplanen for spesialområdet i Alvestadkroken.



FASADE MOT VEST



FASADE MOT ØST



V I L D U V E R A M E D O G L A G A B Y G D E B O K ?

Til hausten får du sjansen!

Skal me verkeleg få sjå forfedrane våre inn i augo, trengs det gamle foto frå før 1950. Ikkje minst er me interesserte i personfoto: gruppefoto eller portretter. Dessutan er me på jakt etter bilete av bygningar og landskap og folk i arbeidslivet til lands og til vanns.

Til hausten vil bygdeboknemnda i samarbeid med fotoavdelinga ved Statsarkivet i Stavanger føreta ein innsamlingsaksjon delt på to dagar. Det kjem då opp folk frå arkivet med utstyr som gjer at me kan kopiera og registrera bileta dine på staden slik at du kan få dei med deg heim med det same. Stad og dato kjem me tilbake til i bygdebladet når tida nærmar seg.

Me vil alt nå gjera deg merksam på dette tilbodet slik at du kan førebu deg. Du treng ikkje sjølv sortera ut det du meiner ikkje kan ha interesse, det kan du trygt overlata til dei som skal registrera fotografia. Men la ikkje dette høve til å gje dei gamle boknarane ei framtid i bygdeboka gå frå deg! Me snakkast til hausten!

Beste helsing

Bygdeboknemnda

GARDSCAMPING PÅ KLEIVÅ

Sigmund og Svanhild Alvestad har satsa på å driva gardscamping på garden sin på Kleivå. I ein liten grøn brosjyre ynskjer dei velkomen til gardscamping med omtale området

og aktivitetstilbod i Bokn både på engelsk, tysk og norsk. Så vil det vel visa seg om denne ferieforma slår til denne sommaren.



BOKN KOMMUNE
KULTURKONTORET
4290 BOKN
Tlf.: 52 74 85 00

BOKN SKULEKORPS

30 ÅR!

- * LAURDAG 18. JUNI: STOR UTEDAG
- * SUNDAG 19. JUNI: JUBILEUMSKONSERT

LAURDAG 18. JUNI KL. 12.00-15.00 inviterer musikantane i Bokn skulekorps bygdafolket til ein stor utedag med mange aktivitetar, leikar og konkurransar!

Staden er Bokn skule, og der vil vera noko for ein kvar:

- * Ridning
- * Sykling
- * Radiostyrte bilar
- * Natursti med rebus-oppgåver
- * 21-spel og andre spel
- * Lotteri (av hagemøbler)
- * Sal av pølser/brus/is/kaffi/vaflar/lappar

På laurdagskvelden blir det jubileumsmiddag m/underhaldning for noverande musikantar m/foresatte i korpset.

SUNDAG 19. JUNI KL. 13.30 er det klart for ein stor jubileumskonsert med KENNETH SIVERTSEN som hovudgjest. Den allsidige musikaren, komponisten og gjøglaren treng ingen nærmare presentasjon! Og, pass opp - kanskje han imiterer akkurat deg....

Andre gjester er ELISABETH VANNEBO og TYSVÆR STORBAND. Elisabeth Vannebo er musikal og musikkpedagog, og har tidlegare hatt folkemusikk-seminar med skulekorpset. Og med Tysvær storband blir variasjonen i musikkvalet denne sundagen komplett!

PROGRAMMET VIL I HOVUDTREKK SJÅ SLIK UT:

- * MARSOPPVISNING, BOKN SKULEKORPS
- * KENNETH SIVERTSEN
- * MAT
- * TYSVÆR STORBAND
- * BOKN SKULEKORPS

KONFERANSIÈR: SVEIN VEA

ENTRÈ KR. 50,-



BOKN KOMMUNE

KULTURKONTORET

4290 BOKN

Tlf.: 52 74 85 00

Forutan eigne spele- og drill-innslag vil korpset ha fleire soliststykker med lokale utøvarar. Elisabeth Vannebo vil også spela på tubaen sin både saman med jubilanten og åleine. Aspirantane skal sjølv sagt også i aksjon.

Det er veldig uvanleg med folkemusikk for korps, men det viser seg at det fungerer glimrande. Her blir det kjente musikkstykker, m.a. "Fanitullen" for tuba og brass-band. Du er garantert ein fin musikalsk blanding.

ME YNSKJER SPESIELT TIDLEGARE KORPSMEDLEMMER VELKOMNE TIL JUBILEUMSKONSERTEN!!!

GÅ FOR ALL DEL IKKJE GLIPP AV JUBILEUMSHELGA TIL BOKN SKULEKORPS!

TAKK !


På vegne av Bokn skulekorps vil eg retta ein stor takk til Kristine Vatnaland og Kristi Laupland for spelinga i korpset på 17. mai! Det førte til at balansen mellom instrument-gruppene var perfekt i toget!

KULTURKALENDEREN

Eg vil minna lag og organisasjonar om fristen 6. juni for innlevering av materiell til kulturkalenderen. Det gjeld arrangementer f.o.m. juli t.o.m. desember i år.

Kalenderen skal m.a. gi informasjon til innbyggjarane om arrangement, kurs, bibliotek-opningstider, friluftsliv, samt ein oversikt over lag og organisasjonar i kommunen.

Hugs at de er med på å gi kalenderen eit breitt og informativt innhald ved å kontakta kulturkontoret om ting som skal skje det siste halve året 1994.



Jardar Havikbotn

- kulturleiar -

PROLOG

Ved Karmsund Mållag sitt årsmøte i Bokn den 10.april 1994

Av Olaug Hognaland

Det var nå slik laga den gong me kom til verda, at plassen bestemte kva mål me skulle læra.

Og barnet laga egne ord på same måten som far og mor, på bygda sin eigen dialekt som hadde fylgt oss frå slekt til slekt.

Det vestlandske, nynorske, det var vårt, det lydde tydeleg, reint og klårt. Ein framand kunne seia: "Du er frå Bokn du, me kjenner det målet må du tru."

Sjøl om me høyrer til same distrikt, er det noko som ikkje er likt.

I Bokn, her må me koga og laga, så me får eda graud og kaga.

Me har liksom dotte imjydla den eina og den andra hydla.

Frå gamle tider til Stavanger me for, det var ingen skyss som førde nord.

Me fekk nok eit og anna hint, at målet vårt var ikkje rektig fint.

Når me kom til byen og gjekk i land, me såg oss nok nøydd til å knota eit grann.

Med tida trafikken snudde seg, båtane gjekk den motsette veg.

Ferje fekk me, du store tid! Nå var alle reisevanskar forbi.

Men så kom staten og snudde det om. For ein forandring då bruene kom!

Nå var det ikkje lenger frieri med færing, nå fer dei med bilen og finn seg kjerring.

Møter me ein som er ukjend her, og tek seg ein tur om i bygda og ser, me høyrer gjerne dei same ord: Tenk at Bokn var så stor!

Herda og spylt av den værharde fjord, ligg øyane og liver for landet i nord.

Så mykje har endrast frå me var små, det me lærde då, dei skjønar ikkje nå.

Ungdom møtest, frå nord og sør, målet skifter form og kulør.

Det synest som det går den galne veien med den gode, gamle boknadreien.

Me som er oppi dei eldre år, minnest gjerne skuletida vår.

Lærarar som tente oss heile si tid, målfolk var dei alle tri.

Det kyrkjelege og det kommunale held seg til nynorsk i skrift og tale.

For oss i Bokn var det nok kjent at det var mållag i by og grend.

Karmsund mållag, det hadde ein strid som hadde vart i uendeleg tid.

Ikkje mangt set det norske blod i kok, som riksmål kontra nynorsk leksebok.

Bokn mållag debuterar i dag som vert for heile distriktets lag.

Godt samarbeid vil me tru me får, i komande år.

STØTTE FRÅ SR-BANK

SR-bank averterte tidlegare at dei skulle dela ut midlar til lag og organisasjonar. Ved utløpet av søknadsfristen var det kome inn 5 søknader. Midlane vart delt ut slik:

1. Bokn Skulekorps: kr. 3.500,-.
Grunngjeving: BS har 30-årsjubileum og planlegg fleire store arrangement i samband med dette. Korpset og banken har allereie avtalt innkjøp av 50 stk. T-skjorter med eige påtrykk.
2. Bokn Idrettslag: Kr. 3.000,-.
Grunngjeving: BIL fekk allereide hausten -93 signal om at SR-BANK, som tidlegare, ville bidra med midlar til innkjøp av nye drakter.
3. Bokn KFUM / BOKN KFUK: kr. 2.500,-.
Grunngjeving: Speidaren dreg for første gong på landsleir med brei deltaking frå unge og foreldre i Bokn. SR-BANK vil bidra med å gi ein ting, gjerne eit telt, med kostnadsramme som over.
4. Bokn Hagelag: kr. 1.000,-.
Grunngjeving: Hagelaget skipar til eit eige arrangement i samband med 10-årsjubileum.

SR-BANK takkar for søknadane, og vi håper å kunna vera ein aktiv støttespelar også ved seinare høve.

Med helsing SR-BANK BOKN

R KOSEDAG ☺ PÅ KAIEN *R*

Me vil gjenta opplegget frå i fjor sommar med ein koselørdag på kaien i Alvestadkroken kor de får kjøpt fersk og røykt mat av havets produkter.

Som i fjor vil me baka kaker og selja kaffi. Butikken er åpen, og det blir kafe i sjøhuset. Det blir også torgsalg av grønsaker m.v. og hobbyartiklar produsert i Bokn. Me håpar det kjem mange båtar, og vil prøva å få til litt musikk attåt. Det er fisk og skalldyr i akvariet. Dersom det skulle bli litt regn, har me nå god plass i nyinnreda sjøhus, sjøl om det manglar litt på at alt er heilt ferdig.

Velkomen til eit maritimt sommarferiemiljø i Alvestadkroken lørdag den 9. juli.

Steinar og Ingebjørg

MINNEORD

Larsine Sæbø er død, 95 år gamal. Ho var den eldste i Bokn då ho døydde.

Larsine var dotter til Hanna og Lars Bokneberg som flytte frå Karmøy til Boknaberg nokre år etter århundreskiftet. Larsine var i skulealder då dei flytte til Bokn. Det var 7 born i familien. Nå lever berre ein att i Bokn.

Larsine vart gift med Konrad Sæbø, og dei busette seg på garden hans på Sæbø. Dei fekk 3 søner som alle har eigne familiar.

Larsine arbeidde i heimen og på garden. Ho var eit dyktig og



arbeidsglad menneske. Ho var også flink med handarbeid. Hovudtyngda av det vaksne livet sitt la ho i arbeidet i heimen. Ho var ei god mor, og var svært gjestfri.

Larsine hadde eit godt minne, og i eldre år kunne ho fortelja mykje frå oppveksten sin. Ho nådde ein høg alder, og var svært hyggelg og omgjengeleg med dei andre bebruarane då ho budde på sjukestova.

Larsine let etter seg tre søner, svigerdøtre, barnebarn og oldebarn og eitt tippoldebarn i tillegg til ein bror.

PERSONKORT

Gjør det enklere når du skal betale



GRATIS FOTOGRAFERING I SR-BANK BOKN

GOD

SOMMER



BOKN FOLKEBIBLIOTEK

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : Kl. 10.00 - 13.30

ONSDAG : Kl. 16.00 - 19.00

TORS DAG : Kl. 10.00 - 13.30



LESETIPS

BARN OG UNGDOM

Hauger, Torill Thorstad:
Tarzan på loftet

Johansen, Hanna:
Dinosaurer?
Finns ikke!

Nabb, Magdalen:
Den magiske hesten

Schmidt, Annie M.G.:
Totto i Tittuttårnet


VAKSNE

Min, Anchee:
Rød asalea

Welty, Eudora:
Optimistens datter

Oz, Amos:
Den tredje tilstand

Fust, Milan:
Fortellingen om min kone



FERIE!

Biblioteket er stengt fra 11.07.94 til 08.08.94

FULL KLAFF FOR HAGELAGET

10-års jubileum i flott mai-ver la grunnlag for vellukka feiring

Sjølvs om veret var avgjerande for at 10-års jubileet skulle kunna avviklast med så mykje folk både frå Bokn og andre stader, hadde også hagelaget gjort sitt for eit flott jubileum ved å ha førebudd dagen grundig. Med grilling av lam og laks, sal av kaffi, vafler, brus osv., plantesal frå to produsentar, plantebyte og oppvising av skulekorpset, var det lagd opp til at alle skulle få ein koseleg dag ved Bokn skule.

Ein slik dag er ein dag for heile familien. Det er overkomeleg for ein småbarnsfamilie når prisar på grillmat og anna er som på dette jubileet. Men så var også laksen ei gåve frå ein oppdrettar sør i Loden. Så og seia alt grillmaten vart seld.

Her kunne ein treffa på allslags folk, både frå Bokn og folk frå sør og nord. Mange boknarar som bur andre stader hadde nytta oppsparte feriedagar til ein miniferie i denne delen av mai, og det var ikkje få som traff gamle kjenningar. Slik sett er det sosiale det viktigaste på slike treff. Men plantesalet gjekk så godt at dei to bilane med planter vurderte å skaffa nye forsyningar. Dei var nok også godt nøgde denne dagen. Også hagelaget kunne konstatera eit rimeleg bra økonomisk overskot. Litt skal ein jo også ha att når ein har lagt ned så mykje arbeid i førebuing og arbeid på sjølve dagen. Ein triveleg dag var det for alle, og honnør til hagelaget som også har den årvisse plantebytedagen.

GJENBRUK PÅ HOGNALAND!



Hugs at du kan levere brukte møbler, klær, bøker o.l til kommunen sitt lagerrom ved Bokn bygg. Rommet blir tømt med jevne mellomrom av Fretex (frelsesarmeens bruktbuikk).

Åpningstid:


tirsdag 18.30 - 20.00

laurdag 09.00 - 12.00

første onsdag i mnd.:

13.00 - 15.00

Papir og glass leverer du sjølvsagt til containerane på kaien i Føresvik ?!




aktuelt om miljø

UTSTILLING :

"NATUR OG KULTUR PÅ BOKN."

Frå 10 juni og utover hausten vil det i allrommet på Boknatun vera ein utstilling med temaer omkring blandt anna dyreliv, planteliv, kulturminner i Bokn kommune.

Utstillingen blir laga av elevar ved Bokn skule i samarbeid med miljøvernleiaren.



58 De små grønne

VI MINNER OM :

Alle husstandar i kommunen har fått tilsendt miljøplanen for kommunen samt spørjeskjema. Svarfristen er sett til 1. juli 94.

Dersom svarprosenten vert god vil kommunen leggje stor vekt på synspunkta som kjem fram i dei besvarte skjemaene.

Grip sjansen,- sei kva du meiner !!

PS. Det er ikkje naudsynt å lese planen frå perm til perm for å kunne svare på spørsmåla!

Ta kontakt dersom du evt. skulle trenge nytt spørjeskjema.



REIS- OG OPPHALDSUTGIFTER I SAMANHENG MED UNDERSØKING OG BEHANDLING (1994)

Folketrygda dekker vanlegvis reiseutgifter i samanheng med undersøking og behandling hos lege på sjukehus eller annan helseinstitusjon. Føresetnaden er at behandlinga blir dekkast av folkeketrygda.

Reisegodtgjersla dekkast som regel ved transport på **billigaste måte.**

Det blir trukket ein **eigendel** på kr. 90,- tur/retur som skal førast inn på eigendelskortet ditt.

BRUK AV EIGEN BIL.

Du får ei godtgjersle på kr. 1,40 pr.km ved bruk av eigen bil i samanheng med slike reiser.

DROSJE.

Hvis du av **medisinske grunnar** må ha drosje, for at du ikkje kan reisa på annan måte, må **legen din** skrive ut ein rekvisisjon til deg som du leverer til drosjesjåføren. Du vil då berre bli krevd for eigendelen på kr. 90,- (t/r). Kvitteringa tar du med deg på trygdekontoret slik at beløpet blir overført på eigendelskortet ditt.

LEDSAGAR.

Hvis pasienten er **barn eller på grunn av sin helsetilstand** trenger følge under reisa, får ledsagaren dekkast opphaldsutgifter.

Reiseutgiftene dekkast i så fall også fullt ut.

Nødvendig ledsagar kan få erstatta dokumentert tapt arbeidsinntekt med inntil kr. 65,- pr. time.

Hvis ledsagar ikkje er nær pårørende og ikkje tapar arbeidsinntekt, kan han eller ho likevel få ei mindre godtgjersle.

KOST OG LOSJI.

Du får kostgodtgjersle "hvis den **effektive fråværstida** frå heimen" overstig 12 timar.

Kostgodtgjersla er for tida kr. 115,- pr. døgn.

Utgifter til losji dekkast mot kvittering med inntil kr. 160,- pr. døgn hvis overnattinga har funne sted på hotell, pensjonat, gjestgiveri el.l.

Hvis du ikkje har kvittering gis det losjigodtgjersle på kr. 20,- pr. døgn.

Hvis opphaldet varar seks døgn eller meir samanhengande der undersøkinga eller behandlinga foregår er der spesielle reglar for dette.

**NB. IFØLGE LOVEN KAN IKKJE
UTGIFTENE DEKKAST HVIS DET
HAR GÅTT MEIR ENN SEKS
MÅNADAR ETTER AT KRAVET
KUNNE VORE SATT FRAM.**

FYLKESMANNEN I BOKN

Den 3. mai i år var fylkesmann Tora Aasland Houg var som eit ledd i besøksrunden sin i Rogalandskommunane i Bokn den 3. mai. Programmet inneheldt m.a. orientering om kommunen, bedriftsbesøk og anna omvising i Bokn. I programmet var det også innlagd orientering frå miljøvernleiar om miljøplanarbeidet, viltkartleggingsprosjekt og vassbruksplan. Det vart også tatt opp spørsmål om kommunen og fylkesmannen sine rutiner og saksbehandling, og visse einskildsaker omkring utsleppsløyve m.v.

BOKN BYGDEMUSEUM

Visste du at Bokn i høve til folketalet har ROGALANDS BEST
BYGDE BYGDEMUSEUM? I ungdomshuset frå 1908, ei perle
og sjølv, ligg musèet flott til ved foten av Boknafjellet og berre
nokre steinkast nord for klyngetunet på Håland eit par kilometrar
frå riksveg 1.

Her er dei over 3000 gjenstandane ordna slik at du får eit breitt
utval av det gamle Bokn. Her kan du gå gjennom kjøkken, beste-
stove og soverom- alt som det var fyrst i vårt hundreår. Dessutan
finst her skomakar verkstad, skulestove, fiske- og jordbruks-
utstilling slik dei var for generasjonar sidan.

Om du deg ein tur til fortida, besøk BOKN BYGDEMUSEUM.

Åpningstid: kvar søndag kl. 1500-1800 i månadane juni, juli og
august.

Velkommen innom!





BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 – TELEFAX (04) 74 86 90
4290 BOKN

ETABLERINGSLÅN 1994

Bogn kommune har midlar til vidare utlån ved bygging av ny bustad, kjøp av bustad eller utbetring av eldre bustad. Lånet er behovsprøvd.

M. a. husstandar som skal etablera seg for fyrste gong og husstandar med funksjonshemma er prioriterte.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Ovannemnde lån er det ikkje søknadsfrist på.

UTBETRINGSSTILSKOT OG LÅN 1994

Ein kan søkja om lån/tilskot til ulike slag utbetningsarbeid - t.d. innstallering av bad/WC, isoleringsarbeid m.v.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekts og formuetilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene oppsett av bygningsmann.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 1. juli 1994.

KUNNGJERING



Frå 01.07.94 skal desse betalingssatsane gjelda for praktisk hjelp i heimen (timesats):

Inntekt inntil 2 G (f.t. kr. 74.600) kr. 20,-
Personar i denne inntektsgruppa med ei husleige på kr. 1.000,- eller meir pr. mnd., er fritatt for vederlag.

2 - 3 G (f.t. kr. 74.600 - kr. 111.900) kr. 25,-
Over 3 G (f.t. kr. 111.900 -) kr. 40,-

For 1994 er utgiftstaket sett slik:

Netto inntekt	Utgiftstak:
Inntil kr. 2G (kr. 74.600)	3.000
2 - 3G (kr. 74.600 - kr. 111.900)	6.000
Over 3G (kr. 111.900)	9.000

- Levering av varm mat skal kosta kr. 30,- pr porsjon.
- Husmorvikartenester, heimhjelpstenester og ambulerande vaktmeistertenester går alle inn under ordninga under begrepet praktisk hjelp i heimane.
- Det skal førebels ikkje betalast for heimesjukepleie-tenester.
- Det skal ikkje vera avgift på tryggleiksalarm.

EGG

Er på plass med egg lørdag den 4. juni og den 2. juli kl. 11.00 - 12.30.

Jostein Hervik

TRIMFEST FOR ALLE

søndag 26.juni 1994



*Dei som har vore med før, får
tilsendt brosjyre.*

*Ved Bokn skule blir det som før
kafe med m.a. grilla laks.*

Arr: Bokn idrettslag

FORTAU FOR "MJUKE" TRAFIKANTAR

Resten av gang og sykkelstien frå Alvestadkroken til skuleområdet er nå ferdig. Dette medfører at skuleelevar og andre nå kan gå eller sykla på gang/sykkelveg fram til skuleområdet frå Alvestadkroken. Det er likevel eit par stader dei må kryssa fylkesvegen, nemleg på Sæbø og ved "Trekanten" der skulebussen har stoppeplass. Desse stadene treng å merkast, slik at bilistar er klar over at ein gang og sykkelsti kryssar vegbanen.

Fylkesvegen over Sæbø er smal frå før. Tidlegare måtte to bilar kjøra godt ut i vegkanten for å passera kvarandre. Nå er det sett kantstein langs fortauet, slik at det er begrensa kor langt ut i den eine sida bilane kan kjøra ved møte med andre bilar. Tida vil visa om vanskelegare passeringsforhold blir eit problem. Det er nok dei som spør kvifor ein ikkje i same slengen også kunne ha utvida kjørebane for bilar medan ein var i gong.

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373.07.00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-

Halv side: kr. 150,-

1/4 side: kr. 75,-

1/8 side: kr. 50,-

Små privatamonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd. 10. nr. årleg

ARRANGEMENT:

08. juni: Bokn Sanitetsforening
har Basar på Bokn skule kl.
19.30.
18. juni: Skulekorpset. Aktivitetsdag
i samband med 30-års
jubileum. Sjå omtale i bladet.
19. juni: Skulekorpset.
Jubileumskonsert. Sjå omtale
i bladet.
26. juni: Firebruersløpet/Bruamarsjen



12.06. kl.11: Gudsteneste v/Aurdal.

03.07. kl.11: Gudsteneste v/Aurdal.

KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE
5. juni kl. 14.00

LENSMANN
Første fredag i kvar mnd.
kl. 10 - 12 i Boknatun

LANDBRUKSKONTORET
Kvar fredag kontordag i Boknatun

FOTPLEIE
Onsdag den 8. juni.
Påmelding snarast i tlf. 52 74 85 00
Det vert ikkje fotpleie i juli.
Neste dato etter ferien: 10. august.

Takk for blomar og deltaking ved
Aslaug Våges bortgang. Takk også til
Bokn sjukestove for omsorgsfull og
god pleie.
Familien.

Takk for blomar og deltaking ved
Larsine Sæbøs bortgang. Takk også
til Bokn sjukestove.
Familien.

ST.HANSKVELD I PERALIÁ

Start kl. 19.00

Opning av speidarane. Flaggheis

Sal av brus, pølser, chips, sjokolade,
kakao, kaffi, pannekaker o.l.

Grillar til disposisjon

Leikar og aktivitetar for heile
familien.

Leirbål og underhaldning

Slutt ca. kl. 23.00

Vel møtt med heile familien

Helsing speidarane

Fint føll (fjording) til salgs.
Tlf. 52 74 86 30 eller 52 74 83 12

**Takk til lag, organisasjonar og
andre som hjelpte til med 17.-mai
arrangementet**
Helsing 17.-mai komiteen -94
Teknisk hovudutval